# Månedsbrev MAI 2012

## Møte 7. mai 2012

Presidenten ønska velkomen til møte og spesielt til Agnes Iren Lothe som skulle fortelja om arbeidet sitt i samband med "END POLIO NOW" i byen Kano nord i Nigeria, med hjelp frå Knut Stian Lothe.

### 3 min: Atle

Atle som var tiltenkt tre – minutter har godkjent fråvær og kunne såleis ikkje gjennomføra det.

### Dagens tema: End Polio Now v/Agnes Iren Lothe

Agnes Iren Lothe som er medlem i Odda Rotary bur på Rogdaberg , Nå og når ho ikkje er i Afrika driv to EURO PRIS butikker , Odda og Husnes (frå 2012.) Organisasjonen som ho har starta har fått namnet "FOLGEFONNA FUTURE for CHILDREN", innkorta til " FFC" som set i verk poliovaksinasjonar og gjer mykje anna arbeid som t d å få i gang skular slik at borna kan byrja veien for å skaffa seg kunnskap. I Odda har ho hjelp av friviljuge som ordnar med alt som skal gjerast i arbeidet med å skaffa både pengar, klede o. a. Varme klede, luer og særleg fotballdrakter er svært ettertrakta.

FFC trong ein logo og først vart det laga ein med snøkrystall i symbolet, noko dei innfødde aldri hadde sett og ikkje visste kva var. Det vart laga ein ny med afrikakartet og ein sumarfugl i bakgrunnen, med ein unge som skuar utover landet og såleis skal symbolisera ein draum om ei ljosare framtid. Dette skjønte dei betre.

Her i Kano er det starta fire FFC klubbar som har til føremål å hjelpa borna til ei betre framtid med å tileigna seg kunnskap både på teoretisk og praktisk vis. Kvar klubb kan ha 30 – 40 medlemer. Til hjelp med å læra alfabetet og tala har FFC laga ein plansje/ kort som viser alfabetet både i store og små bokstavar i tilegg til tal frå 1 til 10, fargerik , frisk og i augefallande.

Å arbeida med poliovaksinering i Kano er svært krevjande på mange vis ikkje minst av tryggleiksgrunnar. Agnes Iren kan til dømes ikkje fara ikring på eiga hand men må ha " livvakter", rotarianarar med seg for å få gå i fred. Dei hjelper også til med å samla borna i grupper slik at arbeidet kan gjennomførast. I tillegg vert også andre personar leigde inn under arbeidet. Betalinga er kr 20, pr dag. For det må dei gå til legen og henta medisinen og ta den med til vaksinasjons - staden der dei tek del under vaksineringa. Det hender at dei berre tek i mot pengane og kvittar seg med medisinen. Etter at arbeidet er utført samlast deltakarane for å gjennomgå det som er gjort. Alle som er vaksinert vert merka med tusj for å halda styr på kven som er vaksinert eller ikkje.

Dei fleste born kan korkje skriva eller lesa og det er ikkje lett å få dei overtydd foreldre og vaksne om at vaksinen er ei sikring mot polio. Overtru og sladder kan lett setja ein stoppar for arbeidet . Det er dessverre eit faktum at antall polioramma aukar i Nigeria.

FFC set også i gang arbeid med å utbetra bygg både innvendig og utvendig. Dei sørgjer for at ungdomane får opplæring i måling ,snekring, muring, tetting av golv med mørtel . Når dei ser at dei kan vera til hjelp så kjem iveren fram og resultatet fort når dei berre har turvande materiale. Dei lagar leikapparater, stolar og

syklar med pedalar som kan drivast med hendene som høver for kryplingar. På denne måten set dei bygg i stand for å kunna driva skule. Pultar er svært ettertrakta og kan skaffast for kr 250 pr stk. FFC har skaffa pengar til innkjøp . Undervisning føregår også ute men røynsle har vist at det er betre læremljø inne, ikkje minst avdi dei har pultar å sitja på. All undervisning føregår på engelsk. Gjentene får opplæring i sying og anna arbeid, men oftast vert dei vekkgifte og valdtekne i tidleg alder og såleis fråtekne høve til å taka del i dette . For dei som er så hepne at dei får oppleva å læra praktisk arbeid så gjev det eit nytt liv.

Her er mykje elende og halvdelen av alle born er hivsmitta. Reinsemd og anna helseopplysing er mangelvare.

Det var imponerande å høyra Agnes Iren fortelja om sine opplevingar med det arbeid ho gjer i Nigeria.

Presidenten takka henne mykje med ei flaske vin som ho ikkje ville ha. Den vart istaden gitt til dagens vinner. Agnes vart meir glad då presidenten gav kr 5000 til FFC og som ho takka mykje for.

*Referent: Sverre*

# Møte 14. mai 2012

## Dagens tema: Bedriftsbesøk NB Marine

Denne dagen var det bedriftsbesøk hos NB Marine på Askøy. NB Marine sin daglige leder er Bjørn Steine, og det var Bjørn som tok imot gjestene fra Arna Rotary Klubb denne fine vårkvelden. Bjørn ønsket velkommen med kaffe og kjeks og fortalte litt om selskapet som driver med båtbygging, primært kombibåter. Med seg til å presentere NB Marine hadde han en av gründerne samt konstruktør Nils-Kristian Berg Olsen.

Først ble bedriften presentert, med historie, generelt om båtbyggingsbransen og NB Marine sine modeller. Deretter ble vi delt i to grupper og fikk en gjennomgang av hele prosessen, fra støping av skrog til ferdig innredning. Her var det nok flere av medlemmene som fikk økt lyst på en ny båt!

Det var 19 medlemmer, samt noen ledsagere tilstede på bedriftsbesøket.

Vi takker Bjørn & Co for en interessant presentasjon og omvisning.

*Referent: Synnøve*

# Møte 21. mai 2012

## Dagens tema: Blåtur! ☺

Fantastisk blåtur med nydelig vær. Vi fikk en solid omvisning på Osterøy med buss, der Lars gjorde en strålende innsats som guide. Turen gikk til Fjordslottet i Fotlandsvågen, der det ble servert nydelig grillmat.

I denne anledning fikk Torstein Nesse utdelt Paul Harris Fellow for sitt lange og ekte engasjement i Idrettslaget FRI. Torstein har bygget opp en av landets beste friidrettsklubber på grusbanen på Espeland (som er for en rundkjøring å regne). Han tildeles Paul Harris Fellow for fantastisk innsats for barn og unge i Arna.

(Bilder fra blåturen finnes på arna.rotary.no: For medlemmer – Bilder – Sosialt)

*Referent: Reidunn*

# Møte 28. mai 2012

## 2. pinsedag Ikke møte